



Per Atle Sæle
Sagstadvegen 165
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/155 - 16/6248

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
29.03.2016

Godkjent søknad om bygging av velteplass og snuhammar, gbnr 18/9 og 10 på Øvre Sagstad

Administrativt vedtak. Saknr: 82/2016

Saksutgreiing:

Per Atle Sæle søker i søknad dagsett 1.02.16 om løyve til å byggje ein velteplass og snuhammar på gbnr. 18/9 og 10 på Øvre Sagstad. Snuhammaren er planlagt til å laste og snu vogntog på 22 meter i samband med uttak av skog. Snuhammar og velteplass er tenkt nytta 100 % til skogbruk. Snuhammaren vil dekke eit område på 68 daa med eit ståande volum på 2-3000 m³, for dei to teigane snuhammaren skal byggjast på. Snuhammaren kan også nyttast av 5 andre teigar på naboeigedommar ved sluttavverking. Byggjekostnaden for tiltaket er kalkulert til 70.000 kr.

Eigedom 18/9 har 81,4 daa skog, 23,1 daa fulldyrka jord, 9,4 overflatedyrka jord, 13,2 daa innmarksbeite og 7, 8 daa anna areal. Eigedom 18/10 har 25,7 daa skog, 22,8 daa fulldyrka jord, 4,8 daa overflatedyrka jord, 4,8 daa innmarksbeite og 4,7 daa anna areal. Snuhammar med velteplass er planlagt nytta i samband med uttak av skog, det er planlagt hogst på dei to aktuelle teigane i løpet av 2016. Snuhammaren vil gå langs med Fv. 564 og vil ha avkøyring frå same veg, Det føreligg løyve til avkøyring frå Statens vegvesen.

Vurdering:

Ein landbruksveg er veg for landbruksformål eller kor landbruksformål utgjør hovudformålet med vegen jf. § 1-3 i forskrift om planlegging og godkjenning av vegar til landbruksformål (landbruksvegforskrifta). For den omsøkte snuhammaren med velteplass utgjør landbruksformålet all bruk av vegen.

Det omsøkte tiltaket vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv, økonomisk og skånsam måte. Grunna steingarder, bustadar og jordbruksareal er den planlagde traseen den beste. Dersom ein skal kryssa jordbruksareal med tunge maskiner i samband med uttak av skog kan dette få store konsekvensar for jorda dersom det ikkje vert gjort på frossen og snødekt mark. Dagens utstyr i skogbruket er tungt og sjølv ved frossen mark kan dei gjera store skader med øydelagde grøfter, jordpakking og skader på steingarder.

Ved å kombinere velteplass og snuhammar kan tømmerbilen køyre av vegen og snu, samt laste utanfor offentleg veg. På den måten sikrar ein effektiv logistikk ved at ein kan nytta full vogntoglengde. For å sikra god økonomi i drifta er det viktig å nytta fulle lengder på vogntog. Dersom ein må kippkøyra tømmer eller berre nytta lastebil, vil ha ein betydelig høgare kostnad pr. m³ for skogeigar og vil redusera effektiviteten i skogbruket. Vidare vil det vere eit godt trafikksikringstiltak at tømmerbil ikkje treng å stå på offentleg veg.

Ein god og enkel tilkomst er også eit viktig element i samband med skjøtsel av skogen etter forynging. Ein sparer tid og kostnader med ein enkel tilgang til skogareala ved utføring av skogskjøtsel. Etter forynging er det trong for ulike skjøtselstiltak i skogen, mellom om anna planting og ungskogpleie/avstandsregulering. Dette er eit viktig tiltak for å sikre ein god kvalitet på framtidig trevirke, samstundes som det er eit viktig tiltak for å sikre ein meir stormsterk skog.

Delar av arealet er i kommuneplanen sett av til næringsareal. Administrasjonen meiner at tiltaket ikkje vil vere i strid med arealformålet da det ikkje vil vere til hinder for ei framtidig utbygging av området. Vidare er det viktig å peike på at lov om skogbruk (skogbrukslova) som landbruksvegforskrifta er heimla, fortsett gjeld sjølv om areal er lagt ut til anna bruk enn LNF-område i kommuneplan. Skogbrukslovas § 2 virkeområde seier: Denne lova gjeld for all skog og skogsmark. Med skogsmark forstås ein i denne lova grunn som er skogproduserande, eller som etter ei samla vurdering er best egna for skogproduksjon, og som ikkje er nytta til andre formål. Dette vert ytterlegare presisert i Landbruksdirektoratet sin temarettleiar: Landbruk og planlegging etter plan- og bygningslova. Det vert i rettleiaran vist til at skogbrukslova gjeld, sjølv om eit areal er omdisponert etter plan- og bygningslova, så lenge arealet ikkje er teke i bruk til andre formål. Arealet som er lagt ut til næring er ikkje tatt i bruk til næring, og skogbrukslova er difor fortsatt gjeldande.

Søknaden har vore sendt på høyring etter landbruksvegforskriftas §§ 2-2 og 3-3 til Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune. Fylkesmannen i Hordaland har ingen motsegn mot tiltaket. Hordaland fylkeskommune som kulturminnemyndighet har ikkje motsegn, men viser til at dersom det blir gjort kulturminnefunn som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller restar av konstruksjonar må arbeidet stansast og kulturminnemyndighet varslast. Meland kommune ved kulturavdelinga har ikkje motsegn til tiltaket.

Søknaden har vorte vurdert etter prinsippa i naturmangfaldslova (NML) §§8-12, jf.7. Kommunen har etter gjennomgang av artskart og naturbase ikkje funne sårbare eller truga naturtypar eller artar inne i sjølve området (jf. § 8).

Det er registrert fleire artar sørøst for området der snuhammar og velteplass skal byggast i (jf. §8). Enkelte av desse artane er raudlista som eksempelvis vipe og storspove. Registreringa som ligg i artskart er ei ornitologisk registrering som har vore gjennomført i området. Når ein går gjennom lista og ser på artane som er registrert, er det klare teikn på at registrering har vore kartfesta på eit punkt som representerer heile området. Dette inneber at det på dette punktet er kartfesta artar for eit større område på eit punkt. Ein gjennomgang av lista viser at dei mest truga og sårbare artane ikkje er aktuelle for det konkrete punktet dei er kartfesta, som eksempelvis vipe og storspove som ikkje er sterkt knytt til granskog. Enkelte artar på lista er knytt til granskog, men dei er ikkje raudlista. Tiltaket er lite i omfang og vil ikkje medføra store inngrep eller beslag på areal. Når området skal hoggast, vil dette fjerne skogen frå området, men det vil vere andre gode område for fugl i nærleiken i den perioden skogen etter forynging ikkje tilfredstillar fuglane sitt habitatkrav. Kommunen har vurdert det slik at desse funna ikkje vert påverka av det planlagde tiltaket då det er registrert på eit stort areal, samt at dei mest sårbare artane ikkje er i nærleiken av område snuhammaren og velteplass skal byggjast på. Administrasjonen har vurdert det slik at det ligg føre tilstrekkeleg med kunnskap om verknadane av tiltaket, og at føre-var prinsippet ikkje er aktuelt i denne saka (jf. § 9).

Den omsøkte snuhammaren og velteplass vil auke utbygginga i området, men det har vore drivi ulike landbruksaktivitetar i området i lang tid. Det har også vore gjennomført infrastrukturbygging i området. Administrasjonen meiner difor at den samla belastninga for området ikkje vil medføra vesentleg auke i området (jf. § 10). Naturmangfaldslovas §§ 11-12 er ikkje aktuell i denne saka. Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at snuhammaren og velteplass som omsøkt ikkje er i konflikt med §§8-12 i naturmangfaldslova.

Administrasjonen vil etter ei samla vurdering gi løyve til bygging av den omsøkte snuhammaren og velteplassen. Det er administrasjonen si meining at tiltaket vil vere viktig for god og kostnadseffektiv drift av skogen, både ved sluttavverking, men også ved forynging og framtidig skjøtsel av skogen.

Vedtak:

«Meland kommune gjev løyve til bygging av snuhammar og velteplass som omsøkt på Gbnr. 18/ 9 og 10 på Øvre Sagstad. Snuhammaren og velteplassen skal nyttast i samband med skogsdrift og kunne ta imot tømmerbil på 22 meter.

Byggjeløyvet vert gjeve på fylgjande vilkår:

1. Vegen skal byggjast i samsvar med norm for landbruksvegar sine tekniske retningsliner for snuhammar fastsett av Landbruks- og matdepartementet.
2. Under arbeidet må ein vere merksam på funn/konstruksjonar som kan knytte seg til kulturminne/fornminne og rapportera dette til kommunen eller Hordaland Fylkeskommune v/kulturavdelinga jf. lov om kulturminne §8, 2 ledd.
- 3 Tidsfrist for bygging vert sett til 31.03.2019.
4. Når veganlegget er ferdig skal kommunen ha skriftleg melding om dette og kommunen skal godkjenne arbeidet.

Bakgrunn og vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurdering. Vedtaket har heimel i §§ 3-3 og 3-4 i landbruksvegforskrifta.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Per Atle Sæle

Sagstadvegen 165 5918

FREKHAUG